

Flyrutegruppa -Hovden

Flyrutegruppa
Sekretariatet v/ Ørsta Næringskontor
Postboks 162
6151 Ørsta
Telefon 70 06 80 85
Telefaks 70 06 80 86

Side 1 av 2

Avinor

Torvmyrvegen 2
6150 Ørsta

Att.: Lufthamnsjef Arne Ullaland

ØRSTA, 8. april 2008

Vår ref.: ØN/MF/07/290

ØRSTA/VOLDA LUFTHAMN HOVDEN

Flyrutegruppa er bekymra over den manglande framgangen med det gjenstående arbeidet ved Ørsta/Volda lufthamn Hovden.

Vi ynskjer difor informasjon om når arbeidet med utviding av terminalbygg, parkeringsareal, tilkomst for drosje, buss og bygging av nytt flytårn er tenkt igangsett. Vi viser i denne samanhengen til den vedlagde kopi av høyringsuttalen til Møre & Romsdal fylkeskommune frå Ørsta Næringskontor om regionale flyruter 2009-2015.


Som det kjem fram av vedlegget legg ein til grunn at Hovden med dei noverande rutene vil nå eit årleg PAX på over 125.000. Dei optimistiske kalkylane syner eit PAX potensiale på 175.000. Vi bed Avinor merke seg at desse tala er berekna ut frå eksisterande nedslagsfelt etter den nylege opninga av Eiksundsambandet.

Nedslagsfeltet for Hovden aukar med 50% til over 60.000 når Kvivsvegen står ferdig i 2012. Dette betyr at Hovden har potensialet til å bli landets største regionale flyplass i høve talet på reisande.

Flyrutegruppa reknar med at Avinor har studert Møre & Romsdal fylke si luftfartsstrategimelding for perioden 2007-2015 der fylket i tråd med vedtak i Samferdselsutvalet og Fylkestinget går inn for at Ørsta/Volda lufthamn Hovden skal bli eit eige anbodsområde. Bakgrunnen for dette er det store potensialet ein ser for Hovden både på kort og lang sikt.

Flyrutegruppa meiner at Avinor no berre har tida og vegen for å legge til rette for den veksten ein allereie no ser, og den veksten som vil kome i 2012. Frå vår side vil vi i samarbeid med Søre Sunnmøre Regionråd halde fram med arbeidet for betra samband både med ferje og buss slik at Hovden kan nå sitt potensiale.

Våre undersøkingar viser at dei reisande allereie no peiker på mangelfull parkering og knapt med rom i terminalbygget.



Flyrutegruppa -Hovden

Flyrutegruppa
Sekretariatet v/ Ørsta Næringskontor
Postboks 162
6151 Ørsta
Telefon 70 06 80 85
Telefaks 70 06 80 86

Side 2 av 2

Vi bed om dykkar kommentarar til dette.

Beste helsing,

Martin Foldal
Ørsta Næringskontor
Sekretær for Flyrutegruppa

Flyrutegruppa:

Ordførar Gudny Fagerhol, Ørsta
Ordførar Ragnhild Aarflot Kalland, Volda
Ordførar Hannelore Måseide, Ulstein
Ordførar Arnulf Goksøyr, Herøy
Dagleg leiar Jon Aasen, Maritim Foreining Søre Sunnmøre
Høgskuledirektør Jacob Kjøde jr., Høgskulen i Volda
Regionrådssekretær Per Ernst Lundberg, Søre Sunnmøre Regionråd
Adm. Dir. Jon Erik Engeset, SafeRoad Group AS

Vedlegg: Høyringsuttale av 16 mai 2007 til Møre & Romsdal fylkeskommune på
anbod regionale flyruter frå 1.april 2009 (4 sider)